

Sakshandsamar: Tage Rickard Sundell, tenesteleiar
Sak nr.: 2022/610 - 18

Saksgang

Saksnummer Møtedato Utval

Plassering av ny barneskule i Sogndal

Kommunedirektøren rår utval for levekår til å gje slik tilråding:
Utval for levekår rår formannskapet til å gje slik tilråding
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1.

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Denne saka omhandlar val av lokalisering av ny 1-7 skule i Sogndal kommune. Det er vurdert tre alternativ for lokalisering; Trudvang, Fosshagen og Kvåle. For å kunne samanlikne alternativa på ein mest mogleg objektiv måte har ein forsøkt å lage eit vekta kriteriesett for samanlikninga. Desse hovudkriteriuma er lagt til grunn for tilrådinga: økonomi, skulen sine behov, trafikk, basis- og fleirbrukshall, klima og berekraft, stadutvikling, tomtespesifikke tilhøve, og tid. I rangeringa er 6 beste vurderte løysing og 1 er vurdert som ei løysing som ein bør unngå.

Ut frå ei samla rangering får Fosshagen ein score på 3,69, Trudvang 3,98 og Kvåle 5,63. Score 6 tilsvarar beste vurderte løysing for aktuell del av kriteriesett. Det vert såleis vurdert det som mogleg å bygge ny barneskule på alle tre lokasjonane.

Plasseringa av ny barneskule vil påverke samfunnsutviklinga i Sogndal i eit 50-60 års perspektiv. Alle tre alternativa som er utgreidd ligg i det som kommunestyret har definert som sentrum i arealplanen. Uavhengig av lokalisering må ein legge til rette for at skulen m.a ikkje fører til auka bilbruk. Kommunen må prioritere gang- og

sykkelvegar, og snarvegar mellom bustadområde, skular, barnehagar og fritidsaktivitetar.

Gjennomgangen viser at det er mogleg å bygge ny skule på alle dei tre alternativa. Fosshagen vert ikkje tilrådd med bakgrunn i at ei plassering her vil medføre nedbygging av grøntområde og bryt vesentleg med den overordna planlegginga for området. Trudvang vert ikkje tilrådd med bakgrunn i at tomte er knapp for å kunne gje eit uteområde med høg kvalitet, byggeperioden vil vere krevjande for drift av dagens skule og for å ha trygg og god skuleveg. Trudvang som løysing har nokre fordelar, men er ei dyrare løysing med færre samskapingsmoglegheiter. Ikkje minst er det utfordringar ein ikkje klarer å løyse på ein god måte med Trudvang som alternativ.

Plassering av skulen på Kvåle er alternativet som vil gje høgast kvalitet på skuleområdet. Det er den rimelegaste løysinga både på investering og drift, og det legg godt til rette for sambruk med aktørane på Campus. Prosjektet vil også bidra til å løyse opprustningsbehovet på dagens Kvåle skule. Føresetnaden for dette er å etablere fellesparkering på Ingafossen som òg gjer det mogleg å ta bort trafikk frå Trolladalen, slik at ein kan sikre trygg tilkomst for syklende og gåande frå denne sida av Campus. Hente- og bringeløysing under bakken vil sikre trygt skilje mellom mjuke trafikkantar og bilane. Med ei etablering på Kvåle vil ein kunne utfordre fylkeskommunen til å etablere kombinert nattparkering og haldeplass under bakken på Ingafossen, med tilhøyrande stor miljøgevinst.


Ei plassering av skule på Kvåle vil frigjere tomtene på Trudvang til andre store samfunnsutfordringar som Sogndal kommune må møte i åra som kjem. Løysinga gir såleis høve til å sjå plassering av skule i eit større perspektiv. Området gir store moglegheiter for alternativ bruk, der det ligg godt til rette for gjenbruk av bygg. Området er eigna for for å lage enno betre og meir areal til fritidsaktivitetar og sosiale møteplassar. Området kan t.d. brukast til ny sentrumsbarnehage frå 2032. På Trudvang vil det òg vere mogleg å bygge høgt innanfor. «trehundremeterssamfunnet», som er «rullatoravstand». Samfunnsutfordringa med stor auke i innbyggjarar over 80 år fram mot 2040, vil utfordre kommunen til å finne gode løysingar og langt fleire aldersvenlege bustadar.

Samla sett svarar alternativet på Kvåle godt på mange av dei samfunnsutfordringane som kjem dei neste 50-60 åra, og frå ei samla vurdering vert alternativet vurdert som som det klart beste.

2. Bakgrunn for saka

Sentrale problemstillingar

Sogndal er ein kommune i sterk vekst, og ein av kommunen sine viktigaste styrker er den betydelege tilflyttinga av unge med høgare utdanning. Det er venta ei folketalsauke i kommunen frå om lag 12000 i 2022 til over 13500 i 2036 – om lag 100 kvart år, slik figuren under viser. Eit resultat av denne folketalsauka med fleire unge tilflyttarar, er eit auka behov for mellom anna fleire skuleplassar.



Figur:1: Folketalsprognosar for Sogndal kommune
Kjelde: Norconsult skulebruksplan, datert 22.11.2021

Utbygging av ny 1-7 barneskule for 700 elevar og om lag 80 tilsette i Sogndal sentrum, i tillegg til basis- og fleirbrukshall, er eit stort og omfattande grep som vil medføre konsekvensar for det aktuelle området, for innbyggjarar og for moglegheita til vidare utvikling av Sogndal som tettstad. Tiltrådinga er difor basert på ei heilskapleg vurdering av plasseringa i eit større perspektiv, enn skuleutbygginga som eit isolert prosjekt. Det vert lagt til grunn at ny bygningsmasse har ei levetid på 60 år og at det er i eit slikt tidsperspektiv valet av lokalisering må sjåast.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Det er sett av 6 mill. kr i 2023. For dei neste åra er det sett av ei førebels ramme på 60 mill. kroner i 2024, 250 mill. kroner i 2025 og 120 mill. kroner i 2026. Beløpa har ikkje vorte korrigererte for prisvekst.

Grunnen for at saka er fremja

Andre opplysningar

Det er ikkje krav om offentleg høyring i denne type saker. Sogndal kommune ynskjer å vere ein samskapande kommune, og for å gje moglegheit til å komme med innspel på høyringsutkastet, vert den administrative tilrådinga lagt ut til til ei innspelsrunde i tre veker. Dette ei viktig sak som har stor innverknad på utviklinga av Sogndal, og me ønskjer at saka har eit så godt sakgrunnlag som mogleg før politisk handsaming. Kommunedirektøren er merksam på at innspelsfristen kan opplevast som kort og vil difor òg legge til rette for eit offentleg høyringsmøte. Kommunedirektøren vil i etterkant av innspela legge fram endeleg tilråding til utval

for levekår, formannskapet og kommunestyret som skal handsame saka i mars 2023.

3. Vurderingar og konsekvensar

Ulike stadutviklingsperspektiv kan spele mot kvarandre eller konkurrere. Positive verknader av plasseringa kan få negative konsekvensar for andre. Samfunnsplanen gir retning for Sogndal kommune sine prioriteringar i stadutviklinga. Det heiter i planen at kommunen skal sjå skular, barnehagar og andre offentlege bygg som ein del av lokalsamfunnet. Me skal legge til rette for sambruk av offentleg bygg og uteområde, og ein kompakt sentrumsstruktur med korte avstandar. Kommunen skal også auke kapasitet i barnehage, grunnskule og eldreomsorg ut i frå venta folketalsauke og endra demografi.

Stadutvikling handlar om å legge til rette og utforme lokalsamfunnet til ein stad for trivsel, samspel og aktivitetar. God stadutvikling skapar meir liv og røre der dei fysiske rammene på staden legg til rette for gode møter mellom menneske. Likevel kjem ikkje gode møter av seg sjølv - det ligg klare menneskelege dimensjonar ved god stadutvikling. Det krev ein evne og vilje hjå kommune, innbyggjarar og andre samfunnsaktørar til å delta aktivt i prosessar, utforske moglegheitene som dei fysiske rammene på staden gir og tilføre nye ingrediensar ved å skape og bruke dei i fellesskap.

Alle alternativa som er utgreidd i denne saka har ulike konsekvensar for forskjellige grupper. Desse er forsøkt belyst og vekta opp mot kvarandre. Kommunedirektøren har teke utgangspunkt i følgjande:

- uavhengig av plassering kjem den nye skulen til å få eit svært bra innhald.
- me tenkjer det beste om innbyggjarane, og deira evne og vilje til å samskape med andre.
- vurderingane skal byggje på eit fagleg basert grunnlag og utviklingstrekk kring dei tema som me omtalar.
- tilrådinga er basert på ei heilskapleg vurdering av plasseringa i eit større perspektiv enn skuleutbygginga som eit isolert prosjekt – dette er eit samfunnsutviklingsarbeid
- det vert lagt til grunn at ny bygningsmasse har ei levetid på 60 år og at det er i eit slikt tidsperspektiv valet av lokalisering må sjåast.

3.1 Kriterium for vurdering av plassering

Det er mange, og til dels komplekse, vurderingar som vert gjort av dei ulike alternativa for lokalisering av ny 1-7 skule. For å kunne samanlikne alternativa på ein mest mogleg objektiv måte har ein forsøkt å lage eit vekta kriteriesett for samanlikninga. Følgande hovudkriterium er lagt til grunn for tilrådinga.

1. Økonomi

Vurdering av samla økonomiske konsekvensar for utbygging og tilhøve for kvart alternativ. Både investerings- og driftskostnad vert vekta. Prosjektet utfordrar kommunen sitt økonomiske handlingsrom og det er viktig å ha kontroll på kostnadsbildet. Økonomi vert difor vekta 40 %

2. Skulen sine behov

Prosjektet er avgjerande for å kunne realisere ambisjonen i samfunnsplanen om å bli «best på oppvekst», dette er difor vekta 30 % og det er særleg vurdert:

- pedagogiske kvalitetar og utforming (inkl. soneinndeling)
- bygg som møter krava i fagfornyinga
- kvalitet og storleik for uteområde
- ha gode samanhengar frå barnehage, barneskule, ungdomsskule, vidare utdanning og yrkesliv.
- kroppsøvingslokale i nærleik av skulen
- drift i anleggsperioden

3. Trafikk

Kommunestyret har vedteke at ein skal legge til rette for at flest mogleg skal kunne gå og sykle til skulen. I trafikktryggingssplanen har ein også vedteke at all bygging av ny infrastruktur for gåande og trillande skal ha universell utforming, og at det skal leggjast til rette for at alle skal kunne ferdast trygt i trafikken. Trafikk er difor vekta 10 % og ein har særleg vurdert:

- sikre trygg og god skuleveg for gåande og syklende elevar
- avvikling av skuleskyss på ein trygg måte for elevane
- hente og bringe ved foreldrekøyring på ein trygg og god måte
- parkering for tilsette og besøkande
- påverknad på lokaltrafikk

4. Basis og fleirbrukshall

I samfunnsplanen står det at kommunen skal legge til rette for sambruk av offentlege bygg og uteområde. Me skal etablere aktivitetsparkar i sentrumskjerna i alle tettstader og sikre aktivitetsperspektivet ved utvikling av offentlege rom i bu- og sentrumsområde. Alle kommunale investeringar i anlegg skal basere seg på samarbeid med andre for å finansiere etablering og drift av anlegga.

Den organiserte idretten er ein viktig arena for at barn opplever rørsleglede som dei tek med seg inn i vaksenlivet. Det er også ein viktig arena for inkludering og sosial læring. Samstundes er det mange barn som fell frå den organiserte idretten i overgangen til ungdom. Utfordringa er nasjonal, og Sogndal skil seg ikkje frå den nasjonale trenden om fråfall. Idrettslaget ønskjer aktivitetsflater som forenkler hallfordelinga, styrkar breidda av aktivitetstilbod, gir meir føreseielege treningstider og leigekostnader, og gir betre fasilitetar for ulike typar aktivitetar. Kommunestyret har vedteke at basis- og fleirbrukshall skal vurderast som del av skulebygginga, dette er vekta 5 % og ein har vurdert særleg:

- storleik på basis- og fleirbrukshall
- samdrift av areal til slikt føremål

5. Klima og berekraft

Sogndal skal vere ein miljømedviten kommune der me skal ha klima og miljø som premiss for alt me gjer. Dette betyr at kommunen kuttar klimagassutslepp, driv systematisk klimatilpassingsarbeid og har minst mogleg avfall, mest mogleg gjenbruk og ein medveten arealbruk. Dette skal me mellom anna få til ved å utvikle miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk, dette er vekta 5 % og ein har særleg vurdert:

- utslepp
- byggeperioden (anlegg og evt. mellombels skule)
- drift av ny skule (energi)
- nybygg/ombygging
- konsekvensar for mobilitet
- arealdisponering

6. Stadutvikling

I samfunnsplanen står det at kommunen skal sjå skular, barnehagar og andre kommunale bygg som ein del av lokalsamfunnet. Me skal legge til rette for sambruk av offentleg bygg og uteområde, og ein kompakt sentrumsstruktur med korte avstandar. Kommunen skal også auke kapasitet i barnehage og grunnskule ut i frå venta folketalsauke. Konsekvensane for stadutviklinga er vekta 5 % med særleg vektlegging av:

- nærleik til andre tilbod
- sambruk av bygg og uteområde
- parkering for andre
- bidrag til realisering av mål i samfunnsplanen

7. Tomtspesifikke tilhøve

Soltilhøve, ureining, mikroklima, naturfare, omsyn til naturmiljø, landbruk, landskap, ev. kulturminne vil kunne påverke kvalitetane ved dei ulike alternativa og er saman med reguleringstilhøve vekta 4 %.

8. Tid – 1 %

I Norconsult sin rapport for skulekapasitet, skulebehov og utbyggingsløyningar frå hausten 2021 er det vurdert at Trudvang vil ha fullt utnyttat kapasitet i perioden 2025-2029. Det er difor viktig å ha på plass ny skule innanfor denne tidsramma. Det er difor vekta 1 % om alternativet kan møte behovet for når skulen må stå ferdig.

Det er vidare sett opp kriteriesett, vekting av kriterie samla og score for kvar lokasjon per del av kriteriesett. Score per kriterie er gjennomsnittleg score per kriteriesett multiplisert med si respektive vekt. Skalaen for score er 1-6, der 6 poeng er høgast og vert gjeve til kvart alternativ med vurdert beste tilhøve per kriterie. Øvrige alternativ er justert proporsjonalt etter dette.

Forklaring til vurdering av score

Score 6 tilsvarar beste vurderte løysing for aktuell del av kriteriesett.

Score 5 er vurdert som ei god løysing.

Score 4 er vurdert som ei tilfredsstillande løysing
Score 3 er vurdert som ei tilstrekkeleg god løysing.
Score 2 er vurdert som ei dårleg løysing.
Score 1 er vurdert som ei løysing som skal unngåast dersom det er mogleg.

Døme:

Del av kriteriesett A: 6

Del av kriteriesett B: 5

Del av kriteriesett C: 5

Del av kriteriesett D: 4

Del av kriteriesett E: 4

Sum A-E: 24

Tal delar: 5 } *Gjennomsnitt: $24/5 = 4,8$*

Vekt kriterie = 40%

Score kriterie = [gjennomsnitt x vekt] = $4,8 \times 0,4 = 1,92$

3.2 Område for utbygging

1.2.1 Kvåle

Det er store tomteområde rundt Kvåle skule og Kvåle stadion, samla areal er over 90 mål. I Norconsult sin rapport om skulekapasitet m.m. vart det peika på at området er «eit sentrumsnært oppvekst- og idrettssenter». Norconsult berekna behovet for uteopphaldsareal til om lag 13 mål til elevane på barneskulen, og peika på at det innanfor dette området er god tilgang på areal. Kvåle er det einaste alternativet der utområde fullt ut møter krava i rettleiaren for miljøretta helsevern på 25 mål.



Fig. 1 – Området på Kvåle

Kommunedirektøren tilrår ei vesentleg meir avgrensa område for utbygging enn det som er teikna inn i figur 1. Tilrådinga byggjer på:

- det er tilrådleg å bygge med tett kopling mot eksisterande bygningar, funksjonar, infrastruktur og ressursar
- frå eit berekraftperspektiv er det meir aktuelt å bygge ut i område som tidlegare er bygd ut, og del av utbyggingsområde som er tilrådd på eksisterande jordbruksareal er følgeleg helde på eit minimum

- det ligg godt til rette for samskaping med interessantar utanfor kommunen, jf. at kommunen skal sjå skular, barnehagar og andre kommunale bygg som ein del av lokalsamfunnet, og legge til rette for sambruk av offentlege bygg og uteområde
- ein vil få ny innramming og innfallsport til Campus
- ein kan løyse parkering og logistikk for tilkomst til området, der tilkomst med bil i vesentleg omfang vert flytta frå Lunnamyri/Trolladalen til Fjærlandsvegen
- bygging i dette området gjer det mogleg med parkering, varelevering og busstransport under bakkenivå for å frigjere/ikkje unødvendig ta i beslag funksjonelt areal på bakkenivå. Vegen til området vert med dette tryggare for mjuke trafikantar frå alle retningar og samlar størsteparten av bil- og busstrafikk til eit innfallspunkt til området. Godt gjennomarbeidd planlegging og utforming av denne delen av prosjektet er vesentleg for å sikre god arealeffektivitet, kapasitet, tryggleik og logistikk
- det er mogleg å etablere idrettsareal under bakken i dette området, noko som reduserer arealavtrykket.




Fig. 2 – Område tilrådd for utbygging, 67.300 kvm.

Arealet medfører erverv av 8 private eigedommar, der det er registrert 17 personar. Det er vanskeleg å finne ei god og samla løysing for utviklinga på Kvåle utan at denne delen av området vert overteke av kommunen. Kommunedirektøren har stor forståing for den belastninga dette vil vere for dei som eventuelt vert råka av dette. Samstundes må kommunen i denne saka, for alle alternativa for bygging av ny skule, vekte dei store samfunnsinteressene over dei individuelle omsyna.

Kvåle skule er regulert i områdereguleringsplan Campus Sogndal, vedteken 25.04.2019, der eit av hovudmåla er å knyte saman Campus Sogndal og Fjøra til eit samanhengande gang- og sykkelvenleg sentrumsområde.

I eit perspektiv på 50-60 år er det naudsynt å sikre framtidige behov for barneskule, ungdomsskule, nyskapande aktivitetsanlegg og idrett på same område i heilskap. Det er vurdert at området på 67.300 kvm. er stort nok i seg sjølv, men at ei stor del av eksisterande anlegg og fasilitetar kan vere gjenstand for ombygging. I rom- og funksjonskonkurransen vil leverandørane stå fritt til å kome opp med ei løysing i kombinasjon med endra bruk av dagens bygningsmasse, riving og nybygg. Dette vil gjere det mogleg å sjå på best mogleg organisering og bygningsmasse for alle funksjonane som kommunen vil ha innanfor dette området.

Innanfor gitt areal er det mogleg å sjå for seg fleire plasseringar av basis- og fleirbrukshall. Ei løysing kan vere å etablere hallen under bakken i tilknytning til Sognahallen. Ei anna løysing kan vere å utfordre fylkeskommunen på eit fellesprosjekt som vert kopla saman med fylkeskommunen sitt anlegg. Dette kan særleg vere aktuelt om vurderinga er at det eldste bygget på Kvåle skule bør rivast. Norconsult stipulerte behovet for ombygging og oppussing av dette bygget til om lag 30 mill. kroner. Arealet gjev samla sett stort høve til å finne ulike løysingar på behova for både skule og basis- og fleirbrukshall.

3.2.2 Fosshagen




Fig. 3 – Område for utbygging, 25.600 kvm

Fosshagen er den mellomste tomta. Arealet medfører erverv av 5 private eigedommar, der det er registrert 11 personar. Tomta i Fosshagen kan ikkje nyttast utan at denne delen av området vert overteke av kommunen. Kommunedirektøren har stor forståing for den belastninga dette vil vere for dei som eventuelt vert råka av dette. Samstundes må kommunen i denne saka, for alle alternativa for bygging av ny skule, vekte dei store samfunnsinteressene over dei individuelle omsyna.

Fosshagen er, som Kvåle, regulert i områdereguleringsplan Campus Sogndal, vedteken 25.04.2019, der eit av hovudmåla er å knyte saman Campus Sogndal og Fjøra til eit samanhengande gang- og sykkelvenleg sentrumsområde.

Ved ei bygging i Fosshagen må skulen påreknast å verte bygd i høgda og svært tett på eksisterande busetnad. Ei utbygging i Fosshagen medfører i stor skala nedbygging av eksisterande grøntområde og venteleg reduksjon av naturmangfald i området. Dersom Sogndal kommune vel å sertifisere utbygginga etter BREEAM-NOR standarden, som er miljøsertifiseringssystem for bygg, vil ikkje Fosshagen kunne nyttast som tomt.

3.2.3 Trudvang




Fig. 4 – Område for utbygging, 22.300 kvm.

Sogndal kommune har kjøpt opp fire bustadtomter i området rundt Trudvang skule med tanke på framtidig utviding av skulen. For å møte elevtalsveksten og å ha ein skule med høg kvalitet vil det difor i dette alternativet vere naudsynt å erverve minimum to bustader til. I tillegg til dei to personane som bur i desse bygga, bur det 46 personar i dei kommunale bustadane. Kommunen må finne erstatningsbustad til desse personane. Per dags dato er det ikkje ledige kommunale husvære.

Trudvang er regulert i [områdereguleringsplan for SHOS-Trudvang-Prestadalen og omkringliggende område](#), vedteken 13.02.2014. Planen la til rette for bygging av Sogndal helse- og omsorgssenter (SHOS) og for utviding av Trudvang skule til ein fjerde parallellklasse for ein 1.- 5. skule. I forprosjektet knytt til utvidinga av SHOS, var byggingane plassert i skråninga mot friområdet Stitoppen, og for å gi frie rammer for den påfølgande arkitektkonkurransen vart friområdet omdisponerte til byggeområde i områdeplanen. Med bakgrunn i rikspolitiske retningslinjer for barn og unge oppheva Statsforvaltaren planen, og det vart stilt rekkjefølgjekrav om å sikre erstatningsareal dersom friområdet vart utbygt. Ut i frå at SHOS vart bygt på flata, ligg det til rette for å tilbakeføre Stitoppen til arealføremålet friområde og eventuelt nytte området som del av uteområdet til Trudvang skule. Dette føreset at området vert lagt til rette for bruk slik at det møter krava til universell utforming.

Tomta på Trudvang er knapp med tanke på krava frå miljøretta helsevern til uteopphaldsareal, der 25.000 kvm vert tilrådd som uteareal for 700 elevar. Om ein vedtek bygging av ny barneskule på Trudvang bør ein vurdere utviding av tomta i syd og/eller nord. Dette for å sikre stort nok uteområde som kan ha høg kvalitet. Dette fordrar at ein ervervar det som i dag er bustadhus i Skulevegen og/eller Prestadalen, med 18 til 26 personar som vert påverka av dette. Samstundes vil

kostnaden ved dette vere høg og krevjande å løyse i prosjektet. Dette er ikkje nærare omtala i saka, men kan illustrerast slik:




Fig. 5 – Alternativt område for utbygging på Trudvang.

For Trudvang ligg det ei særskilt utfordring i å løyse skuledrift samstundes med bygging av ny skule. Det er kritisk for utbygginga på Trudvang at prosjektet er svært godt planlagt i høve arealeffektiv rigg, naudsynte tiltak og rutinar for handtering av helse, miljø og tryggleik, køyretøy og materialleveransar. Tilkomst til barneskulen bør planleggjast frå Leighgota, det same gjeld for transport i byggeperioden.

I byggeperioden vil store deler av tilgjengeleg areal på tomta vere redusert. Til tider vil minst 50 % av tomta vere gjenstand for utbygging og må reknast å vere utilgjengeleg. Areal som ikkje er tilgjengeleg i byggeperioden set krav til erstatningsareal som til dels kan løysast ved at skulen kan låne areal andre stadar i Sogndal. Det er heller ikkje utelukka at det i fasar under utbygginga er naudsynt med etablering av mellombelse skulelokale. Det siste utløyser noko høgare kostnadar, areal for plassering og meir krevjande logistikk/administrasjon av skuledrifta.

Svært god dialog og koordinering mellom utførande og skule er kritisk for ei gjennomføring av utbygging på Trudvang. Det må lagast tilkomst og riggområde stort nok til at levering av marerialar, parkering for utførande, brakker, sortering av byggeavfall mv. let seg gjere. Det er heller ikkje ynskjeleg at lastebilar/vogntog ryggar inn/ut eller på byggeplassen, men kan snu inne på riggplassen. Ut over dette må til dømes naudsynt areal for byggekran setjast av. Endeleg utforming av

bygningskropp og plassering på tomte legg i stor grad føringar for kor rigg kan plasserast og i kva grad skulen si drift vert påverka av utbygginga.

Figurane under syner to moglege riggplassar i fyrste byggetrinn, markert med grøn farge. Skulen blir samstundes driven vidare med redusert uteareal. Areal utanom riggplass og innanfor byggeggerde, markert med raud farge, er tilgjengeleg for utbygging og kan til dels justerast undervegs etter framdrifta og strategi for kopling av fyrste og andre byggesteg.

I byggesteg to vert riggplassen flytta eller beholdt riggplassen, sjå døme i figuren under. Skulen flyttar heilt eller delvis over til nytt bygg frå byggesteg 1, ombygging/riving og evt. nybygg kan utførast innanfor ny plassering av byggeggerde. Opparbeiding av Stitoppen kan evt. takast i fyrste byggesteg, eller i eit tredje byggesteg for å unngå tap av uteareal.




Fig. 6 – Avgrensing av tomte, fyrste byggetrinn




Fig. 7 – Mogleg løysing, andre byggetrinn.




Fig. 8 – Mogleg løysing, andre byggetrinn

3.3 Vurdering av dei ulike alternativa for skuleplassering

I den vidare saksutgreinga vert alle tre alternativa for plassering av skule vurderte opp mot kriteriesettet. Vurderingane er samla i tabellen nedanfor. Den må lesast ut frå følgjande forklaring:

Score 6 tilsvarar beste vurderte løysing for aktuell del av kriteriesett.

Score 5 er vurdert som ei god løysing.

Score 4 er vurdert som ei tilfredsstillande løysing

Score 3 er vurdert som ei tilstrekkeleg god løysing.

Score 2 er vurdert som ei dårleg løysing.

Score 1 er vurdert som ei løysing som skal unngåast dersom det er mogleg.

Døme:

Del av kriteriesett A: 6

Del av kriteriesett B: 5

Del av kriteriesett C: 5

Del av kriteriesett D: 4

Del av kriteriesett E: 4

Sum A-E: 24

Tal delar: 5 } Gjennomsnitt: $24/5 = 4,8$

Vekt kriterie = 40%

Score kriterie = [gjennomsnitt x vekt] = $4,8 \times 0,4 = \underline{\underline{1,92}}$

Kriterum	Kriteriesett	Vekting	Trudvang	Kvåle	Fosshagen
1. Økonomi	Investeringskostnad	30 %	3,2	6	1,5
	Driftskostnad	10 %			
	○ Energi		5	6	6
	○ Reinhald		5	6	6
	○ Støtte- funksjonar		4	6	5
	○ Basis-og fleirbrukshall		3	6	4
<i>Vekta investeringskostnad</i>			<i>0,96</i>	<i>1,8</i>	<i>0,45</i>
<i>Vekta driftskostnad</i>			<i>0,34</i>	<i>0,48</i>	<i>0,42</i>
2. Skulen sine behov	Kvalitet og storleik for uteområde	30 %	4	6	4
	Pedagogiske kvalitetar og utforming (inkl. soneinndeling)		5	6	6
	Bygg som møter krava i fagfornyinga		5	6	6
	Gode overgangar frå barnehagen, barneskule ungdomsskule, vidare utdanning og yrkesliv.		5	6	6
	Kroppsøvingslokale innanfor funksjonell gangavstand		4	6	5
	Drift i anleggsperioden		2	5	6
<i>Vekta score 2.</i>			<i>1,25</i>	<i>1,75</i>	<i>1,65</i>

3. Trafikk	Avvikling av skuleskyss på ein trygg måte for elevane	10 %	5	6	4
	Hente og bringe ved foreldrekyring på ein trygg og god måte		4	6	5
	Sikre trygg og god skuleveg for gåande og syklende elevar		5	6	5
	Parkering for tilsette og besøkande		5	6	4
	Påverknad på lokaltrafikk		4	6	3
<i>Vekta score 3.</i>			<i>0,46</i>	<i>0,6</i>	<i>0,42</i>
4. Basis- og fleirbrukshall	Storleik på basis- og fleirbrukshall	5 %	3	6	3
	Samdrift av areal til slikt føremål		3	6	4
<i>Vekta score 4.</i>			<i>0,15</i>	<i>0,3</i>	<i>0,175</i>
5. Klima og berekraft	Utslepp	5 %	6	2	2
	Byggeperioden (anlegg og evt. mellombels skule)		6	5	5
	Drift av ny skule (energi)		5	6	6
	Nybygg/ombygging		6	3	2
	Konsekvensar for mobiltet (kor mange elevar får reiseveg utover skysskrava i lova)		6	5	6
Arealdisponering		5	6	3	
<i>Vekta score 5.</i>			<i>0,28</i>	<i>0,23</i>	<i>0,20</i>

6. Stadutvikling	Nærleik til andre tilbod	5 %	6	5	5
	Sambruk av bygg og uteområde		4	6	5
	Parkering for andre		3	6	2
	Bidrag til realisering av mål i samfunnsplanen		4	6	4
<i>Vekta score 6.</i>			<i>0,21</i>	<i>0,29</i>	<i>0,20</i>
7. Tomt-spesifikke tilhøve	Soltilhøve, ureining, mikroklima, naturfare, omsyn til naturmiljø, landbruk, landskap, ev. kulturminne	4 %	6	5	3
	Reguleringstilhøve		6	4	4
<i>Vekta score 7.</i>			<i>0,24</i>	<i>0,18</i>	<i>0,14</i>
8. Tid	Når kan skulen stå ferdig?	1 %	6	6	6
<i>Vekta score 8.</i>			<i>0,06</i>	<i>0,06</i>	<i>0,06</i>
SUM:			3,96	5,68	3,72

3.3.1. Økonomi

Investeringskostnad [30%]

Det er sett av 346 mill. kroner til bygging av ny barneskule og vurdert at ein treng om lag 10.500 kvm. skulebygg for å skape gode læringstilhøve for 700 elevar og 80 tilsette. Kvadratmeterprisen vert med denne investeringsramma om lag 33.000,-/kvm. Moglegheitsstudie for plassering av ny barneskule vurderer kostnad for oppføring av 10.500 kvm bygg til barneskulen til 50.000,-/kvm. (34.000,- eks. mva.), tilsvarande 525 mill. kroner. Snittpris for bygging av barneskule i inntil 3 etasjar er om lag 45.000,-/kvm. Med denne snittprisen, vert samla kostnad 472,5 mill. kroner.

Det er vurdert at ny bygningsmasse kan byggast til om lag same kostnad uavhengig av lokasjon. Tilhøva ut over sjølve byggkostnaden er lagt til grunn for samanlikning av investeringskostnaden i alternativa.

Trudvang

Trudvang er vurdert til å ha lågast tomtekostnad. Ein må rive minimum 6 bustader. Sogndal kommune eig 4 av desse, med relativt store bustader. Det er registrert 46 personar som er busette i desse kommunale bustadane. Desse kommunale bustadane må erstattast og dette er kostnadsrekna til 20 mill. kroner. I tillegg kjem kostnaden ved erverv av dei to private eigedomane. Dette er stipulert til om lag 10 mill. kroner.

Relativt krevjande anleggsdrift trekkjer kostnaden for nybygg noko opp. Samstundes kan deler av skulen gjenbrukast, noko som gir ein litt lægre kostnad per kvm enn nybygg. Samla sett utliknar desse to forholda tilnærma den økonomiske konsekvensen av kvarandre.

Kvåle

Tomta på Kvåle medfører eit større inngrep mot private eigedomar enn dei to andre alternativa. Ervervet av eigedomane er kalkulert til om lag 50 mill. kroner. Samstundes ligg det eit potensiale i å dele denne kostnaden med dei andre aktørane på Campus. Dette gjeld særleg om ein lukkast med å få fylkeskommunen med på ei parkeringsløyising for buss under bakken. I tillegg vil frigjeringa av Trudvang ha ein verdi for kommunen. Dette vil redusere framtidige tomtekostnader til t.d. ny barnehage og aldersvennlege bustader. Det kan også gje inntekter i form av at ein sel delar av bygningsmassen til t.d. aldersvennlege bustader. Dette er lagt inn med eit forsiktig estimat på 30 mill. kroner

Fosshagen

Kostnad til areal i Fosshagen er noko uviss, på bakgrunn av at kommunen har kravd overskjønn og det soleis ikkje ligg føre rettskraftig dom for erverv av areal i dette området. Om ein legg til grunn tingretten si vurdering vil pårekneleg tomtekostnad for 23 mål vere i alle fall 80 mill. kroner.

Parkering

Rettleiande norm er 0,6 parkeringsplassar per tilsett. Skulen vil difor ha behov for 48 parkeringsplassar. Ved parkering i parkeringshus er det behov for om lag 25 kvm.

inkludert svingradius og manøvrering per parkeringsplass. Areal til parkering for tilsette vert med dette $25 \times 48 = 1.200$ kvm. Det må i tillegg leggjast inn areal for etablering av hente- og bringeløysing, HC-parkering og varelevering. Det vert i kalkylen sett opp eit samla behov for parkeringsanlegg til ny barneskule på 1.500 kvm.

Kostnaden med utbygging av underjordisk parkeringshus er 18.000-23.000,-/kvm. Det vert lagt til grunn att tilsettparkeringa vert finansierast gjennom parkeringsordninga. Nettokostnaden for prosjektet vert med dette $300 \times 23.000 = 6,9$ mill. kroner. Dette vert vurdert å vere likt for dei tre prosjekta.

På Trudvang kan eksisterande offentlege parkeringsplassar nyttastⁱ. I Fosshagen og på Kvåle må ein etablere nye parkeringsanlegg under bakken.

Bygging på Kvåle kan opne for meir samlokalisering av parkeringsarealet på Campus. Under Campus er det allereie etablerte parkeringshus under bakken og sambruk av desse. Heile Campus (VGS, HVL, SIL, supporterar, andre verksemder) kan dra nytte av parkeringsplassane ved Kvåle. Her er det eit like stort trykk morgon og kveld. Dette vil også gje meir parkeringsareal i utkanten av sentrum, fortrinnsvis under bakken og kan gjere det mogleg å flytte parkeringsareala i Trolladalen til Ingafossen. Dette kan gjere det enklare å stenge Trolladalen for alt anna enn køyring til eigedommar, varelevering, HC-parkering og liknande. Det vil skape tryggare gang- og sykkelveg mellom Campus og sentrum, og flytte all biltrafikk på Campus til innkøyringa frå Fjærlandsvegen. Hente- og bringeløysing ved Kvåle vil også kunne nyttast av fleire som nyttar seg av Campus-området enn berre barneskulen. Det er også behov for samlokalisering av kollektivpunkt i same område. Erstatning av eksisterande parkeringsareal i Trolladalen/Lunnamyri er berekna til om lag 2.000 kvm, sjå kartutsnitt under. Dette gjeld halve parkeringsarealet utanfor hovudinngang til Sogndal vgs. (1-2), og parkeringsareal til Kvåle ungdomsskule (3). Etablering av dette vil ha ein kostnad på om lag 46 mill. kroner. Det er lagt til grunn at denne investeringa vert finansiert gjennom parkeringsordninga.

ⁱ Ut frå sentrumsplanlegginga bør ein bygge parkeringsplassar under bakken på ei framtidig utvikling av Trudvangtomta (uavhengig av om den skal brukast til skule eller andre føremål).




Fig. 5 – Areal som kan erstattast i nytt parkeringshus.

Utandørs

Snittkostnad for utandørs opparbeiding av ein barneskule er 1.700,-/kvm.

På Kvåle kan eit framtidig løysingsforslag medføre endra plassering av eksisterande fotballbane og tilknytt anlegg. For fotballbane med kunstgras må ein pårekna 2.400,-/kvm før spelemiddelfinansiering. Med spelemidlar vert kostnaden på arealet lægre enn opparbeiding av uteområde til ein skule. Det er ikkje lagt inn ein auke i arealet til fotball, slik det har vore ytra ønskje om i prosessen. Ein vil i eit vidare arbeid bruke metodikken frå fylkeskommunen sitt prosjekt om nyskapande aktivitetsanlegg. Dette vil gje uteområde med blanda kvalitetar og som kan stimulere til meir fysisk aktivitet blant barn og ungdom som ikkje deltek i organiserte fritidsaktivitetar.

Skilnaden i kostnad mellom dei tre alternativa med omsyn til utandørsområde vil spegle kor stort område det er mogleg å ta i bruk. På Trudvang vert dette, under føresetnad av at fotavtrykket for skulebygga vert om lag 3.500 kvm. om lag 32 mill. kroner. For Fosshagen, med tilsvarande føresetnad, om lag 37,5 mill. kroner. På Kvåle vil det, som einaste alternativ, vere mogleg å ha eit utområde som fullt ut møter krava i rettleiaren for miljøretta helsevern på 25 mål. Om ein vel å etablere eit så stort område vil det ha ein kostnad på 42,5 mill. kroner.

I samanlikninga av alternativa har ikkje ein lagt til grunn kostnadsforskjellen, då skilnaden vil vere kor stort område som er mogleg å etablere og ikkje reelle kostnadsskilnadar.

Oppsummering av skilnad i investeringskostnader ut over kostnader som vil vere like i alle i tre prosjekta

Kvåle	Trudvang	Fosshagen
20 mill. kroner	37 mill. kroner	80 mill. kroner

Score:

Baserast på forholdsmessig metode, dvs. poengscore er lik $6 \times$ lågaste kostnad/evaluert kostnad.

Kvåle vert sett til score 6.

$$\text{Trudvang} = 6 \times 20.000.000 (\text{Kvåle}) / 37.000.000 = 3,2$$

Merk at dersom areal for uteområde vert høgt vektlagt kan tomte utvidast i nord eller syd, dette vil ha innverknad på private eigedommar og vurdert meirkostnad i syd er forsiktig vurdert til 40 Mkr. Dette innefattar 7 eigedommar på om lag 4.500 kvm., Trudvang vert med dette totalt 26.800 kvm. I nord vil utviding ha innverknad på 6 eigedommar, forsiktig vurdert til 35 Mkr. Dersom dette vert gjort kjem totale kostnader på Trudvang på 72.000.000 - 77.000.000,- og score for Trudvang vert 1,7 – 1,64

$$\text{Fosshagen} = 6 \times 20.000.000 / 80.000.000 = 1,5$$

Driftskostnad [10%]

Energi

Kommunedirektøren vil tilrå å oppføre ny bygningsmasse som passivhus og med delvis eiga energiproduksjon, jf. delmål frå klimabudsjett 2023 om å redusere indirekte utslepp frå bygg og anlegg med 50 % i 2030 samanlikna med 2021-nivå. Kvåle og Fosshagen kan etablerast like energieffektivt og får begge score 6.

Trudvang vil ha nokon delar av bygningskroppen som har lågare isolasjonsevne og høgare lekkasje gjennom bygningskroppen. I tillegg er det venteleg noko meir utfordringar med å etablere energieffektiv drift av tekniske anlegg etter dagens standard med bakgrunn i at dette er etablert byggemåte og at det er avgrensa moglegheit til tilpassing. Tiltak for eksisterande bygningsmasse vert inkludert i prosjektet, men energibruken i desse delane vert likefullt vurdert til å bli noko høgare enn for ny bygningsmasse. Det er sett score 5 på Trudvang, dette sidan det berre er delar av bygningskroppen som er vurdert å trekke energibruken opp.

Reinhald

Nye bygningar kan oppførast med omsyn til reinhald og planlegging av logistikk for effektivt reinhald. Eksisterande bygningsmasse på Trudvang er vurdert som noko meir krevjande å både planlegge og utføre reinhald i. Trudvang vert difor sett med score 5, medan Fosshagen og Kvåle får score 6. Det vil vere mogleg å planleggje reinhald på Trudvang godt og manglande/lite effektive fasilitetar i eksisterande bygg kan mest sannsynleg vert kompensert ved å etablere gode tilhøve i delar av bygningsmassa som vert bygd på ny. God logistikk mellom eksisterande og ny bygningsmasse er ein føresetnad for dette. Utforming av inngangsparti vert ein

vesentleg del av dette og det vil vere behov for oppgradering av desse for eksisterande bygningsmasse på Trudvang.

Støttefunksjonar

Støttefunksjonar er mellom anna reinhalds- og driftspersonell, kantine, auditorium osv. Det vil vere mogleg å sambruke ressursar og støttefunksjonar for både Kvåle og Fosshagen. Kvåle er vurdert til å ha høgast grad av sambruk og nærleik til flest støttefunksjonar, score er med det sett til 6. Fosshagen ligg lenger unna i høve nokre støttefunksjonar, til dømes bygningsdrift, samstundes er plasseringa tett på administrative funksjonar i «familiens hus». Samla vurdert noko lågare enn Kvåle og er sett til 5.

Trudvang må i størst grad klare seg sjølv og støttefunksjonar er nokon grad mindre tilgjengelege grunna større avstand og følgeleg noko meir tidkrevjande. Score for Trudvang er sett til 4.

Basis- og fleirbrukshall

Kvåle er det alternativet der det er størst moglegheiter for sambruk og integrering av nye idrettsflater i eit felles prosjekt, der også utandørs areal kan delast og driftast i lag med eksisterande anlegg. Både i høve anleggsdrift, rigg og logistikk er det mindre kostnadskrevjande å etablere ny basis- og fleirbrukshall tett inntil ny barneskule på same område, enn kvar for seg. Score for Kvåle er sett til 6.

Etablering av ny basis- og fleirbrukshall er meir krevjande på Trudvang. Det vil vere lengre avstand til fleire brukarar, og drifta av hallen vil måtte løysast isolert sett. Ei lokalisering på Kvåle/Campusområdet vil gje høve til samdrift. Storleiken på hallen vert òg mest truleg krevjande å løyse utan å ta for mykje areal frå uteområdet. Konsekvensen av dette er at plasseringa av basis- og fleirbrukshall må vere på Kvåle. Dette vil medføre behov for å etablere kroppsøvingsareal på Trudvang. I seg sjølv påfører det prosjektet høgare kostnader og det kan bidra til noko lågare kvalitet på nytt tilbod både for basis- og fleirbrukshall og/eller barneskulebygget. Det er vanskeleg å sjå føre seg dei same moglegheita for ei samla løysing og framtidstretta perspektiv som det ligg føre dersom barneskule kan byggjast tett koplå til ny basis- og fleirbrukshall, ikkje minst i høve areal utandørs ut over hallen. Score for Trudvang er sett til 3.

I Fosshagen fører storleiken på hallen på same måte som på Trudvang mest sannsynleg til at det vert krevjande å løyse utan å ta for mykje areal frå uteområdet. Det er i så måte tilsvarande vanskeleg å sjå føre seg dei same moglegheita for samla løysing og framtidstretta perspektiv som det vil vere om barneskule kan byggjast tett koplå til ny basis- og fleirbrukshall. Tilhøva i Fosshagen er vurdert som betre enn for Trudvang, då elevane kan nytte idrettsanlegget på Kvåle innanfor gåavstand frå skulen. Score for Fosshagen er sett til 4, utan den heilskaplege løysinga vil prosjektet totalt sett bli meir kostnadskrevjande eller med noko lågare kvalitet.

På Kvåle er det i tillegg til punkta som er vekta ovanfor eit potensiale for sambruk av bygg og lokalitetar på Campus. Dette vil særleg vere gjeldande om ein vel ei løysing med gjenbruk av Kvåle skule til barneskule og at ein skal etablere nye

lokale til ungdomstrinnet. Det er eit stort potensiale for tettare samhandling og felles bruk av areal på Campus.

3.3.2 Skulen sine behov [30%]

Kvaliteten på uteområdet vert vurdert om lag like god uavhengig av plassering. Grunngevinga for dette er at uteområdet blir opparbeidd som del av heilskapen i prosjektet og skal vurderast som del av forslaga til løysing for utbygging.

Storleiken på uteområdet er desidert størst og mest fleksibelt på Kvåle. For Trudvang blir vurdert til å ha liten grad av fleksibilitet, i tillegg til at uteområdet vert mindre enn på Kvåle og noko under tilrådd uteareal i rettleiar for miljøretta helsevern. Det ligg også ei tilleggsutfordring i at Stitoppen må vere tilrettelagt opp mot krav til universell utforming. Dette er løysbart med til dømes utandørs heis. Samla score er 4 for Trudvang. Fosshagen har noko større totalt areal enn Trudvang, men om lag like stort tilgjengeleg areal som kan opparbeidast til uteområde for skulen, score for Fosshagen er vurdert til 4 poeng.

Pedagogiske kvalitetar og utforming kan løysast strategisk for eit heilt nytt bygg og tilsvarende i høve fleksibilitet/elastisitet for framtidige endra behov, Kvåle og Fosshagen får høgaste score på 6.

Trudvang får noko trekk i høve utforming grunna eksisterande bygningar. Bygningane har mindre grad av fleksibilitet og fastare rammar. Det er vurdert som mogleg å planlegge bruken av eksisterande bygningar godt og med det redusere denne ulempa til eit minimum. Score vert difor sett til 5.

Det har kome fleire innspel på at ein er uroa for storleiken på skulen, og på Kvåle er enkelte uroa over at veldig mange barn og unge i eit stort aldersspenn vert lokalisert på same område. Dette er sjølvstendig viktig å ta omsyn til. Alle nye større skular vert planlagd med soneinndeling som gjer det mogleg for borna å berre måtte forhalde seg til dei på same alder, både innandørs og utandørs. Ein førsetnad for dette er god planlegging og tilgang på nok areal til at ein kan lage funksjonelle soner.

Bygg som møter krava til fagfornyinga

Skulebygget skal gje ramme for at fagfornyinga skal realiserast. Med tilsvarende grunngeving som for pedagogiske kvalitetar og utforming scora Kvåle og Fosshagen 6 poeng på dette område. Trudvang er tilsvarende vurdert til 5.

God samanhengar frå barnehagen, barneskule, ungdomsskule, vidare utdanning og yrkesliv

Kvåle og Fosshagen ligg geografisk nærast til kvarandre og reint fysisk best tilrettelagt for gode samanhengar i opplæringsløpet. Forsking syner at overgangar for barn og unge i opplæringsløpet kan vere kritiske. Samanhengen i opplæringa sitt innhald må vere sterk. Det er avgjerdande at tilhøva både fagleg, organisatorisk og fysisk er tilrettelagt for at ein best mogleg kan skape sterke overgangar. Nokon barn og unge kan profittere på eit meir markant skifte i miljø rundt skulen. Desse to tilhøve kan balanserast mellom soneinndeling og plassering av skulebygg i ei godt planlagd utbygging både på Kvåle og i Fosshagen. Trudvang ligg ikkje langt unna det same,

men noko meir logistikk, planlegging og tidsbruk må påreknast. Score 6 på Kvåle og Fosshagen, 5 på Trudvang.

Kroppsøvingslokale innanfor funksjonell gangavstand

På Trudvang er det ikkje anna kroppsøvingslokale innanfor funksjonell gangavstand frå skulen. For å få skulekvardagen til å gå opp må det etablerast lokale til innandørs kroppsøving. Samstundes vil skulen vere avhengig av å løyse utandørs aktivitetar og svømmeundervisning på Kvåle. Dette gir ei meir tidskrevjande og ressurskrevjande transport. Score for Trudvang er sett til 4.

I Fosshagen er det etablert kroppsøvingslokale innafor funksjonell gangavstand, men i større avstand enn for Kvåle, score for Fosshagen er sett til 5 og for Kvåle til 6.

Drift i anleggsperioden

Det er i høve utbygging relativt enkelt og trygt å gjennomføre eit prosjekt på Kvåle og i Fosshagen. Fosshagen Begge scorar 6 poeng sidan eit utbyggingsprosjekt kan avgrensast godt og ikkje rårar drift av eksisterande skule og heller ikkje vesentleg drift av andre funksjonar. I nokon fasar vil utbygginga på Kvåle ha innverknad på drift av fasilitetar for idrett og anleggsdrifta vil kunne påverke trafikkavviklinga til Campus. Dette vert ikkje ikkje vurdert som vesentleg hinder for drifta av skulane i perioden. Score for Kvåle er sett til 5, med atterhald om at endeleg løysing kan påverke skuledrifta i noko grad, dersom utbygginga kjem tett på ungdomsskulen.

Trudvang er svært krevjande å løyse i byggeperioden, både for brukarar av skulen og for entreprenørar. Elevane på Trudvang vil få dårlege vilkår i byggeperioden, både med tanke på tilgang til skulen, uteareal og støy. Logistikken i Sogndal sentrum vil også bli påverka gjennom trafikk inn og ut Gravensteinsgata i byggeperioden. Score for Trudvang er vurdert til 2 på dette område.

3.3.3 Trafikk

Ei viktig utfordring for plassering av ny skule og veksten i folketal er å unngå at dette fører til auka bilbruk. Ein må legge til rette for gange og sykkel i tettstaden og i viktige transportaksar der det er naturgjevne føresetnader for det. I Sogndal er det i dag hovudsakleg tilrettelagt for bilbruk, men sykkel (med og utan el-motor) vert meir og meir vanleg, trass i dårleg infrastruktur. For å oppnå nullvekstmålet for persontransport og at åtte av ti barn med skuleveg opp til fire km skal gå eller sykle til skulen, er det avgjerande å prioritere tiltak som aukar framkommelegheit for mjuke trafikantar føre personbiltrafikk.

I samfunnsplanen står det at kommunen skal prioritere gang- og sykkelveg, og snarveg mellom bustadområde, skular, barnehagar og fritidsaktivitetar. Me skal vere pådrivar for at gang- og sykkelveg blir etablert ved private og offentlege utbyggingsprosjekt. Gang- og sykkelveg skal vere saumlause, med infrastruktur som gjer det enkelt å velje sykkel som framkomstmiddel. Nye snarveg skal etablerast for gåande og syklande.

Avstand, tidsbruk, effektivitet og tilrettelegging er alle viktige faktorar som påverkar innbyggjarane sine val når dei skal komme seg frå A til B. Samtidig er menneske vanedyr. Ein vel det alternativet som ein alltid har valt utan å tenkje noko meir over

det, samstundes som ein vel det alternativet som er enklast og mest komfortabelt. Vanar blir ofte danna i ung alder, og det er difor viktig å legge til rette for at barn og unge trygt kan gå eller sykle til skulen og fritidsaktivitetar. Foreldre spelar her ei viktig rolle ved å vere føregangsbilete, motivere og oppfordre barna til å gå eller sykle til skulen.

Det er mange fordeler med å velje beina som transportmiddel framfor bilen og dette gjeld sjølvsgt også for barn. Først og fremst er det bra for miljøet, men det er og viktig for helsa. Fysisk aktivitet er viktig for normal vekst og utvikling, og fordelane med ein aktiv livsstil er mange. Skulevegen er ein sosial arena der barn som tek følgje med venner får moglegheit til leik og sosialt samvær med andre. Ein trygg og god skuleveg er såleis bra både for miljøet, folkehelsa og livskvaliteten.

Fleire foreldre opplever i dag at skulevegen er utrygg, og vel då heller å køyre barna til skulen, sjølv om avstanden er kort nok til å gå eller sykle. Trudvang skule viser sjølv til at opp mot halvparten av elevane vert køyrd til skulen i dag – i kontrast til kvar femte barneskuleelev på landsbasis. Noko av forklaringa ligg i variasjonen i reisemåte ut frå alder (landssnittet inkluderer også 6. og 7. klasse), men dei markante forskjellane teiknar eit bilete av at reisevanane våre er bilbaserte i dag, og samsvarar med at opp mot 80 % av trafikken i Gravensteinsgata er lokal transport. Samstundes er den viktigaste årsaka til at skulevegen er utrygg i mange tilfelle at foreldre køyrer barna sine til skulen. Tett trafikk, høg hastigheit langs vegane og mangel på gang- og sykkelveg, fortau og fotgjengarfelt er ofte det som gjer skulevegen utrygg. Barn meiner også at det viktigaste for deira reisevanar er trygge skulevegar, miljøvenleg transport og betre moglegheit for å komme seg fram på eiga hand. Det å etablere trygge og saumlause gang- og sykkelvegar og snarvegar er difor avgjerande for at fleire barn og unge skal gå eller sykle.

I 1.klasse har barn som har over 2 km reiseveg til skulen rett på skuleskyss, medan ein frå 2-7.klasse må ha over 4 km reiseveg for å ha rett til skuleskyss.

Me har laga ein *tilgjengelegheitsanalyse* i ein kartteneste som bereknar reiseavstand på ein gitt tid ut i frå vegar og stiar i dag, samt justerer for høgdeskilnader. Karttenesta bereknar reisetid 30 min og 60 min, som svarar til avstandane 1,8 km og 3,6 km justert for høgdeforskjell. Dei tilgjengelege områda er så overført til ei befolkningsanalyse basert på folkeregisteret.

Reiseavstand til skule, tal elevar			
	Trudvang	Kvåle	Fosshagen
15 min (900 m)	212	192	222
30 min (1800 m)	528 (312/216)	533 (324/209)	549 (330/219)
60 min (3600 m)	604 (365/239)	587 (352/235)	597 (362/235)
Skulekrins* totalt	914 (520/394)	914 (520/394)	914 (520/394)

I parantes: noverande elevar (6-12 år)/framtidige elevar (0-5 år)
**Inkluderer ikkje elevar som soknar til Norane

Tabellen syner at det ikkje er avgjerande skilnader i kor mange elevar som i dag bur innanfor dei gitte avstandane frå kvar skuleplassering. Også tyngda av nye utbyggingsområde for familiebusstader vist i bustadanalysen til arealplanen vil liggje innanfor avstandskrava, men vil ha Trudvang som det næraste alternativet. Om lag kvar fjerde elev er busett på Kjørnes, og ein del av desse bur like under 4 km frå Trudvang som næraste skulealternativ.

Sikre trygg og god skuleveg for gåande og syklende elevar

Kvåle er i dag knytt til eksisterande gang- og sykkelveg langs Trolladalen heilt opp til ungdomsskulen. Denne strekinga mellom Sogndal sentrum og Kvåle er ei blanding av fortau, gang- og sykkelveg og privat åtkomst. Trolladalen blir i dag opplevd som dårleg tilrettelagt for mjuke trafikantar. Det er mykje biltrafikk, varierende kvalitet på fortau og ikkje eige felt for syklistar. Kvåle er og knytt til Dalavegen med gang- og sykkelveg frå Rutlin ned i Trolladalen og frå Dalavegen og ned til VGS. Frå Granden og langs riksveg 5 er det gang- og sykkelveg som er åtskilt frå riksvegen og heile vegen opp til Ingafossen. Frå rundkøyring ved Granden er det trygt kryssingspunkt og breitt fortau bort til Sjøkanten. Gang- og sykkelforbinding til Kvåle frå Stedje og Kyrkjebakken er prega av utrygge kryssingspunkt over riksvegen og høgt fartsnivå. Dagens situasjon vert opplevd som utrygg for mjuke trafikantar, særskild dei yngste i barneskulen.

På Kvåle kan logistikken betrast betrakteleg for heile området og føre til tryggare veg for mjuke trafikantar både til barneskulen og området i heilskap. Plasseringa av tilkomst mot Fjærlandsvegen kan motivere fleire til å nytte anna transportmiddel enn bil. For naudsynte transportar utanom lokalområdet er innkøyring via Fjærlandsvegen lett tilgjengeleg og medfører effektiv logistikk, vurderinga vert difor score 6.

God mobilitet til Kvåle bør sikrast tidleg i planleggingsprosess, med planlegging av diverse tiltak både ved sjølve tomte og mellom Kvåle og sentrum langs Rv. 5. Det inneber etablering av trygge gang- og sykkelforbindingar med skuletomta, åtskilt frå motorisert trafikk. Trafikktryggleik må vere ein prioritet. Konkret må parkeringsplassane på nordsida av Campus flyttast til parkeringanlegg på Ingafossen samstundes som ein etablerer sykkelveg og innsnevringar for trafikken i Trolladalen.

Ein må også etablere nye gang- og sykkeltilkomstar gjennom bustadområda som gir tryggare og meir effektiv skuleveg. Det same gjeld snarvegar som kan korte ned tida elevane brukar frå heimen til skulen. Snarvegane bør ikkje vere for bratte, slik at dei kan brukast av alle innbyggjarane heile året. Betre infrastruktur gjennom bygda mot Fosshaugane vil bidra til at fleire innbyggjarar kan bruke dette i kvardagen både som transportåre og til lågterskelturar og rekreasjon. I ei undersøking knytt til Sykkelplan i Sogndal kommune (2013-2023) svarte 39 % av elevane ved Kvåle skule at dei ville sykle oftare til skulen dersom skulevegen var tryggare eller betre tilrettelagt for sykling.

Trudvang og Fosshagen er godt plassert i høve avstand til stor del av etablert busetnad i Sogndal. Fosshagen har ei plassering som er eigna for sambruk av gang- og sykkelvegar i framtida. Fosshagen kan enkelt knyte ferdsel langs elva saman med

Fjordstien, noko som gjer at elevar kan bruke det som skuleveg. Etablering av betre gang og sykkelveg til ein barneskule i Fosshagen vil òg knyte sentrum og Fosshaugane betre saman, og gjere ferdselen mellom desse sentrale punkta enklare og meir effektiv. Infrastrukturen kan koma til nytte for mange innbyggjarar.

Samstundes har både Trudvang og Fosshagen utfordringar med lokaltrafikk, skuleskyss og hent- og bringeløysingar i same område som gåande og syklende. Det vil ikkje på same måte som på Kvåle vere mogleg å isolere dette til eit område utan gåande og syklende. Som følgje av dette vert score for desse to alternativa sett til 5. For alle alternativa for ny barneskule bør det uansett sjåast på ei heilskapleg tilnærming til etablering av meir effektive og tryggare ruter til/frå skulen for mjuke trafikantar.

Avvikling av skuleskyss på ein trygg måte for elevane

På Kvåle vert det etablert ny og trygg tilkomst for elevar med skuleskyss under bakken. Dette kan gjerast i eige område avskilt frå parkeringsanlegg, hente- og bringeløysing og andre funksjonar. Score er sett til 6.

For begge dei to andre alternativa vil ein nytte seg av skysstasjonstomta. Fylkeskommunen har skissert ei løysing for framtidig skysstasjon der bussane stoggar ved haldeplassar der det er «øy» med rulletrapp og heis til etasjen over. Dette vil gje ei vesentleg tryggare løysing enn i dag. I framtidig bygningsmasse vil elevane då kome ut i 2. etasje på kjøpesenteret og ta seg derifrå til Dalavegen mot Fosshagen, eller Gravensteinsgata mot Leighota og Trudvang. Det vil vere behov for tilpassing av trafikksituasjonen mellom skysstasjonen og barneskulen for å sikre trygg tilkomst, basert på dagens tilhøve vert score sett til 4 for Fosshagen med kryssing av Dalavegen og 5 for Trudvang.

Hente og bringe ved foreldrekøyring på ein trygg og god måte

På Kvåle kan løysinga utformast adskilt frå mjuke trafikantar under bakken og logistisk utformast godt. Score er sett til 6 for Kvåle.

På Trudvang kan ein sjå føre seg både sambruk med kjøpesenter og eiga etablert løysing på tomta, score er likevel trekt ned til 4 grunna tettare kopling til mjuke trafikantar i området og krevjande kryssing og logistikk i krysset mellom Skulevegen og Leighota. Grunna ambulansetrafikk og innkøyring til SOHS, kan ein ikkje nytte innkøyring via Plassen til Trudvang. Blandinga av mjuke trafikantar og anne trafikk i dette området i dag er svært uheldig.

I Fosshagen vil plasseringa av ny barneskule føre til vesentleg auka bruk av Fossvegen. Nærleik til gåande og syklende i Fossvegen gjev trekk og medfører auka risiko for dei mjuke trafikantar som nyttar vegen i dag. Sjølve løysinga på tomta kan utformast godt og score vert difor sett til 5.

Parkering for tilsette og besøkande

Plassering av barneskulen på Trudvang medfører moglegheit til sambruk med offentlege parkeringsplassar i skuletida då det er relativt låg belastning frå andre besøkjarar til t.d. senteret. Dette gjer at ein unngår at store delar av tomta vert etablert til parkering. Samstundes kan dette utfordre parkeringskapasiteten i sentrum ved arrangement og aktivitetar på skulen på ettermiddag, kveld og helg.

Det er også eit prinsipielt spørsmål om kommunen skal stille mindre parkeringskrav til eiga utbygging, enn det ein gjer til andre aktørar i sentrum. Score er sett til 5 for Trudvang.

På Kvåle medfører heilskapleg ny løysing at tilhøva for parkering vert gode, både for besøkande og tilsette. I tillegg tilfører denne løysinga etablering av parkeringsløysing for fleire andre enn dei som kan knyttast til barneskulen. Score er sett til 6 på Kvåle med grunngjevinga at ein kan løyse behov ut over det isolerte prosjektet.

I Fosshagen kan parkering for tilsette og besøkjarar løysast godt på tomte/under bakkenivå, men utan store moglegheiter til effektiv sambruk og fornuftig løysing for andre enn for dei som knyttast til barneskulen. Det er vurdert at ein heller ikkje ynskjer meir trafikk enn nødvendig inn til Fossvegen, utan å gjennomføre andre tiltak for å betre tilhøva for dei som nyttar vegen i dag. Dersom slike tiltak vert gjennomført kan ein sjå føre seg sambruk med andre som er knytt til campusområdet, men avstanden vert framleis noko større enn tilsvarande for Kvåle. Score er sett til 4 for Fosshagen.

Påverknad på lokaltrafikk

På Kvåle kan tilhøva for lokal trafikkavvikling vesentleg betrast og effektiviserast gjennom dei løysingane som er omtala tidlegare i saka, score er sett til 6. Trudvang vil medføre auka trafikk og press på sidegatene til Gravensteinsgata. Trafikksituasjonen opp Dalavegen og mot SHOS kan betrast gjennom å ta vekk parkeringsplassar og høve til å levere borna på denne sida av skulen. Samla sett er det vurdert at plasseringa på Trudvang påfører meir aukande belastning enn den løysar problemstillingar for lokal trafikkavvikling. Score er sett til 4.

Fosshagen påfører vesentleg auka belastning på Fossvegen og løysar i liten grad trafikale problemstillingar i Sogndal. Score er sett til 3.

3.3.4. Basis og fleirbrukshall [5%]

Sogndal Idrettslag gjer mykje bra innan inkludering. Dei har til dømes tilsett aktivitetsguidar for å bryte ned barrierar for deltaking blant barn og unge og har satt i gang prosjekt for å rekruttere vaksne frå minoritetsgrupper til trenarar og leiarar. Idrettslaget har også etablert fleire tilbod som tiltrekker seg andre brukarar, til dømes allidrett, basketball, rugby, turn, taekwondo og karate. Nokre av desse tilboda trekk også til seg brukarar frå andre kommunar og tettstader ettersom Sogndal Idrettslag er det einaste idrettslaget i regionen som tilbyr aktiviteten. Mange av aktivitetane som representerer mangfaldet i idrettslaget må i dag bruke lokale utanfor campusområdet som er mindre eigna eller midlertidige løysingar. Både Trudvang, Folkehøgskulen, Vesterland og Sogn Fitness blir brukt av ulike undergrupper. Idrettslaget ønskjer aktivitetsflater som forenkler hallfordelinga, styrkar breidda av aktivitetstilbod, gir meir føreseielege treningstider og leigekostnader, og gir betre fasilitetar for ulike typar aktivitetar.

Uansett kor godt idrettslaga jobbar med å inkludere fleire barn og ungdom vil dei ikkje klare å levere tilbod som treff alle. For svært mange ungdomar skjer den fysiske aktiviteten som eigentrening på treningssenter, joggetur eller gåtur. Men det er også

fleire ungdommar som fysisk utfaldar seg med aktivitetar som dans, terrengsykling, skating, parkour, frikøyring og liknande. Trenden både nasjonalt og lokalt går i retning av at den fysiske aktiviteten blir meir individualisert, der trening eller fysisk aktivitet er eit val som uttrykker den ein er. Glede, meistringsfølelse og det sosiale fellesskapet er like viktig i dei uorganiserte aktivitetsformene, men det kjem gjerne til uttrykk på andre måtar. Mindre vaksenstyring og meir fleksibilitet er gjennomgåande. Dei har ikkje nødvendigvis faste treningstider og utøvarane er ofte ikkje organisert. Det er viktig å presisere at det ikkje er ein motsetnad mellom organisert og uorganisert aktivitet. Dei utfyller kvarandre på ein god måte, og kan vere rekrutteringsarenaer for kvarandre. Det viktigast er tross alt at så mange barn og ungdom som mogleg finn glede i å drive med ein aktivitet. Om den er organisert eller uorganisert er slik sett mindre viktig.

Ny barneskule i Sogndal skal utviklast med tanke på sambruk og fleirbruk av bygningsmasse og uteområde til fysisk aktivitet. Dette betyr at aktivitetsflatene som elevane brukar i skulekvardagen også skal brukast av så mange som mogleg på fritida. Særleg barn og ungdom, men gjerne også andre aldersgrupper. I tillegg til at fasilitetane kan brukast av den organiserte idretten er det viktig at aktivitetsflatene også kan brukast til uorganisert aktivitet og av barn og ungdom som ikkje kjenner seg heime i den organiserte idretten. Uavhengig av plassering er det difor ei viktig kommunal oppgåve å fange opp behova til dei som driv med uorganisert aktivitet og dei barna og ungdommane som ikkje er aktive. Gjennom deltaking i fylkeskommunen sitt prosjekt om nyskapande aktivitetsanlegg håpar me at desse stemmene får komme til uttrykk, med eit mål om å utvikle anlegg som treff fleire brukargrupper enn det tradisjonelle idrettshallar gjer.

Storleik på basis- og fleirbrukshall

Etablering av ny basis- og fleirbrukshall er venteleg meir krevjande på Trudvang, det vil vere lengre avstand til fleire brukarar og drift av hallen i høgare grad isolert frå eksisterande hallar på Kvåle/Campusområdet. Storleiken på hallen vert mest sannsynleg og eit krevjande tema å løyse utan å ta for mykje areal frå uteområdet. Ei etablering av basis- og fleirbrukshall på Kvåle/Campus og ny barneskule på Trudvang eller i Fosshagen vil innebere at den delen som omhandlar basis- og fleirbrukshall vil bli eit relativt lite prosjekt. Det er vanskeleg å sjå føre seg dei same moglegheita for total løysing og framtidsretta perspektiv som ligg føre dersom barneskule kan byggjast tett kopla til ny basis- og fleirbrukshall, ikkje minst i høve kopling til areal utandørs. Utan den heilskaplege løysinga vil prosjektet totalt sett bli meir kostnadskrevjande, med noko lågare kvalitet, eller redusert storleik på hall. Score for Trudvang og Fosshagen vert difor sett til 3.

Samdrift av areal til slikt føremål

Kvåle er det alternativ der det er størst moglegheit for sambruk og integrering av basis- og fleirbrukshallen i eit felles prosjekt der også utandørs areal kan delast og driftast i lag med eksisterande anlegg. Storleik på ny hall er ikkje avgrensa som følgje av plassering av barneskule og score er sett til 6.

På Trudvang vil det vere lengre avstand til fleire brukarar og drift av hall/gymsal er i høgare grad isolert frå eksisterande hallar på Kvåle/Campusområdet. Score er sett til 3 for plassering av hall på Trudvang.

I Fosshagen vil plassering av hall/gymsal ha noko betre høve til sambruk og deling av driftsressursar, enn på Trudvang men det vil ikkje vere like enkelt driftsmessig og logistisk å handtere drifta som på Kvåle, score er sett til 4 for Fosshagen.

3.3.5 Klima og berekraft [5%]

Sogndal skal vere ein miljømedviten kommune der me skal ha klima og miljø som premiss for alt me gjer. Dette betyr at kommunen kuttar klimagassutslepp, driv systematisk klimatilpassingsarbeid og har minst mogleg avfall, mest mogleg gjenbruk og ein medveten arealbruk. Dette skal me mellom anna få til ved å utvikle miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk. Dette inneber mellom anna at me skal redusere biltrafikk og parkeringsareal i sentrumskjerna, utvikle og vere pådrivar for nye kollektiv- og mobilitetsløysingar, vere pådrivar for fossilfrie byggjeplassar i eigne og eksterne byggjeprosjekt, vere pådrivar for bruk av fjordvarme eller andre klimavenlege energiløysingar i eigne og eksterne byggjeprosjekt og vere pådrivar for klimavenleg materialbruk i eigne og eksterne byggjeprosjekt.

Sogndal kommune vedtok sitt første klimabudsjett i desember 2022. Hovudmålet er å redusere direkte utslepp i heile kommunen med 60 % i 2030 samanlikna med 2016-nivå. Samstundes tek kommuneorganisasjonen mål av seg om å ha null direkte utslepp frå eiga verksemd i 2030. I tillegg skal indirekte utslepp frå verksemda reduserast med 50 % og indirekte utslepp frå energibruk reduserast med 40% innan 2030.

Dette vil krevje store endringar i vala me tek. Til dømes skal kommuneorganisasjonen redusere indirekte utslepp frå bygg og anlegg med 50 % i 2030. Dette innebere mellom anna krav om utsleppsfrie bygg- og anleggsplassar der det finst kommersielt tilgjengeleg teknologi, bruke klimavenlege materialar i kommunale byggjeprosjekt og unngå nedbygging av karbonrike areal. Kommunen skal også redusere energibruken gjennom energieffektivisering i kommunale bygg og redusere utslepp frå energibruk gjennom fornybar energiomstilling i kommunale bygg. Innbyggjarane skal mellom anna bidra til 50 % reduksjon i utslepp frå transport gjennom endra bruk av privatbilar.

Utslepp

Trudvang får score 6 i høve utslepp. Relativt stor del av eksisterande bygningsmasse med tunge konstruksjonar kan bli gjenbrukt og fører til vesentleg redusert klimafotavtrykk. For Kvåle og Fosshagen kan utsleppa haldast relativt låge med effektiv anleggsdrift og høge ambisjonar for klimafotavtrykk, men det er avgrensa moglegheita for gjenbruk av eksisterande bygningsmasse. Score for desse alternativa er sett til 2.

Byggeperioden (anlegg og evt. mellombels skule)

Det er vurdert at ein relativt enkelt kan sikre seg tilgang til god kapasitet for byggestraum på Kvåle og Trudvang, og det er mogleg å drifte delar av anlegget utsleppsfritt. I Fosshagen er tilgang meir usikker, men det kan mest truleg løysast. Logistikk i høve leveransar vil i nokon grad ha innverknad, men tal transportar og avstand for leveransar er viktigare. På dette området er det noko ulike tilhøve for dei ulike alternativa, men det vil mest sannsynleg i praksis ikkje vere avgjerande i høve utslepp. På Trudvang må ein pårekna behov for mellombelse lokaler, utslepp

som følgje av transport av modular, oppvarming av desse og evt. persontransport som følgje av ny/endra plassering kjem i tillegg. Utbygging med bruk av tunge maskinar vil mest truleg vere mest aktuelt på Kvåle og i Fosshagen, dette er i mindre grad naudsynt på Trudvang grunna tomte si utforming og lite behov for etablering av parkeringsareal på tomte. Kvåle omfattar større areal og er eit meir overgripande tiltak, utslepp i anleggsperioden vil bli høgare dersom ein ser på meir enn isolert utbygging av barneskule.

Overordna er det vurdert at det er mogleg å etablere eit godt anlegg med låge utslepp for utbygginga på samtlege plasseringar. Det er ikkje rett fram å vurdere utslepp før ein veit meir i detalj kva og korleis det skal byggjast. Trudvang får trekk for mellombelse lokale, men har ein oppside gjeldande tyngre maskiner og bearbeiding av tomte. Fosshagen og Kvåle krev tyngre arbeid på tomte, men det er ikkje behov for mellombelse lokale. Trudvang er sett til score 6 og Kvåle og Fosshagen er trekket ned til score 5.

Nybygg/ombygging

Trudvang er sett til score 6 grunna størst potensiale for ombruk av eksisterande bygningsmasse. Kvåle er trekt ned til score 3 grunna liten grad av ombrukspotensiale, samstundes medfører eit reint nybygg relativt sett låge klimagassutslepp. Nokon strukturar i området kan mest sannsynleg behaldast og/eller brukas att etter evt. flytting og Kvåle vert difor ikkje trekt ytterlegare ned. I Fosshagen er det svært liten grad av ombrukspotensiale, same tilhøve for nybygg som på Kvåle, men score vert likevel trekt ned til 2 grunna utbygging av tidlegare ubyggd grunn.

Konsekvensar for mobilitet (kor mange elevar får reiseveg utover skysskrava i lova)

Moglegheitsstudien frå HRP viser at konsekvensen for mobilitet i høve endra tilhøve for reiseveg er relativt liten. Plasseringa på Kvåle vil medføre ei endring med nokre fleire elevar som får krav på skuleskyss slik busetnaden er p.t., og får følgeleg trekk til score 5.

Det kan argumenterast for at fleire elevar vil gå- og sykle til Trudvang og Fosshagen enn til Kvåle. Samstundes er det vanskeleg å vite korleis konsekvensane vert. Dette fordi svært mange elevar blir køyrde til skulen i dag, uavhengig av avstand til skulen. I tillegg skal alternativa vurderast ut frå eit 50-60 års perspektiv. Korleis tyngdepunkta for busetnad vil vere innanfor sentrumsområda i eit slikt tidsperspektiv er vanskeleg å slå fast. Dei tre alternativa vert handsama likt då alle ligg innanfor området som i gjeldande arealplan er definert som sentrum. Tyngdepunktet for vekst og utvikling i Sogndal kjem til å skje innanfor dette området.

Arealdisponering

Kvåle medfører eit heilskapleg grep som både løyser fleire funksjonar og tilfører nye funksjonar til eksisterande område. I tillegg medfører plasseringa at tomte på Trudvang kan frigjerast til å møte andre samfunnsbehov. Barnehagebehovsplanen som vart vedteken i kommunestyret i oktober 2021, viser at det vil vere behov for ein ny sentrumsbarnehage i 2032. Det er planlagd store utbyggingsprosjekt i sentrum og Trudvang bør utgreiast som plassering. Dette vil kunne gjere til at uteområda på

Trudvang, som mange har peika på har stor verdi som område for uorganisert aktivitet, kan få eit løft og ha tilsvarande bruk framover.

Sogndal kommune står ovanfor store demografiske endringar i åra som kjem. Tal eldre er venta å auka drastisk. Behovet for helse- og omsorgstenester vil kunne auka med 80 prosent frå 2021 til 2040. Tal innbyggjarar over 80 år er venta å auke frå 234 i 2021 til 438 i 2040. For å tilpassa seg nye økonomiske rammer må kommunen i større grad satsa på tenester som gjer at fleire kan klara seg sjølv og bli buande lenger i eigen heim. Sogndal kommune skal aktivt stimulera til etablering av aldersvennlege bustadar, anten ved å tilpassa eksisterande hus eller ved å bygga bufellesskap. Etter modell frå m.a. Ulstein kommune er det avgjerande å gjere slik tilrettelegging innanfor ei strekke på 300 meter frå sjukeheimen. Dette med bakgrunn i at dette er avstanden ein klarer å bevege seg med rullator på flatt terreng. Trudvang ligg som område heilt sentralt i så måte.

Både utbygging av barnehage og eit aldersvennleg lokalsamfunn vil bidra til å nå målsettinga i samfunnsplanen om fruktbare tettstader. Verdien av å plassere skulen på Kvåle og såleis frigje tomte til Trudvang til å løyse desse store samfunnsutfordringane vert vurdert til å vere høg. Kvåle er difor sett til score 6.

Trudvang strekker tilgjengeleg areal maksimalt og kan utnyttast svært godt til skule, men er trekt ned til score 5 grunna «låsing» av arealet i sentrum opp mot andre behov og det er lite ekstra som kan tilførast ut over å løyse barneskulebehovet.

Plassering av barneskule i Fosshagen medfører relativt dramatisk nedbygging av grønt areal og i eit område som gjerne kan nyttast til andre føremål. Score for Fosshagen er sett til 3.

Bussparkering

Ved å etablere skule på Kvåle er det mogleg å utfordre Vestland fylkeskommune på å etablere bussparkeringsanlegg under bakken på Ingafossen. Høgdeskilnaden i krysset legg godt til rette for ei slik løysing. Dette vil vere god arealdisponering ved at arealet vert nytta som nattparkering til bussane om natta, og same arealet vert nytta til haldeplassar for skuleskyss på dagtid. Med optimal organisering av arealet er det mogleg å løyse dette innanfor eit område på 6 mål. Dette vil gje over 100.000 færre køyrde kilometer i året opp mot ei løysing med nattparkering på Kaupanger. Det vil også gje 140 færre bussar gjennom Gravensteinsgata dagleg. Fylkeskommunen har ein ambisjon om å elektrifisere bussparken frå 2026. Dette vil krevje nærleik til sterke punkt i straumnett. Dette ligg godt til rette på Kvåle med nærleik til trafostasjon.

Bussparkering under bakken på Ingafossen vil gje ein stor klimagevinst. Denne er ikkje lagt til grunn for scoren til Kvålealternativet.

3.3.6 Stadutvikling [5%]

Stadutvikling handlar om å legge til rette og utforme lokalsamfunnet til ein stad for trivsel, samspel og aktivitetar. God stadutvikling skapar meir liv og røre, der dei fysiske rammene på staden legg til rette for gode møter mellom menneske.


Nærleik til andre tilbod

Trudvang medfører kort veg til eit mangfold av andre tilbod, til dømes butikkar, daglegvarehandel, kulturhus og sentrumsfunksjonar. Trudvang er sett til score 6. Kvåle og Fosshagen medfører også tett kopling til andre tilbod, men utan å dekke inn same spekter av funksjonar. Score er sett til 5 for Kvåle og Fosshagen.

Sambruk av bygg og uteområde

Størst potensiale for sambruk av bygg og uteområde er til stades på Kvåle som er sett til score 6. Det er noko mindre potensiale i Fosshagen grunna større avstand til andre funksjonar på Campus, score for Fosshagen er sett til 5. Potensiale for bruk utanom skuletida er vurdert som høgt på både Kvåle og Fosshagen, då desse ligg i eit område med stor gang- og sykkeltrafikk. Trudvang er mest sentrumsnært og kan enkelt nyttast av fleire utanom skuletida og utan behov for transport frå sentrum, men i skuletida er potensiale for sambruk klårt lågast. Score er sett til 4 for Trudvang.

Illustrasjonen under viser tenestetilbod og andre funksjonar innanfor ein avstand på 600 meter frå Fosshagen:



Parkering for andre

På Kvåle vert det etablert god kapasitet for parkering, og samla sett er det svært gode tilhøve for parkering for andre på området, score er sett til 6 for Kvåle.

Trudvang kan nytte parkeringsanlegg i kjøpesenter og slik sett indirekte tilby parkering for andre, men vil mest sannsynleg ikkje tilby parkering på tomte, anna enn for menneske med nedsett funksjonsevne. Trudvang tilfører ikkje auka kapasitet eller tilhøve til parkering for andre. Score er sett til 3 for Trudvang.

I Fosshagen vil sambruk av parkeringsplassar truleg vere lite, det er mogleg å etablere parkeringsplassar for andre verksemda i nærleiken, men insentiv for kostnadsdeling vil vere relativt lågt og følgeleg er det lite sannsynleg at kapasiteten vert bygget ut mykje over behovet for tilsette og besøkjarar, score er sett til 2 for Fosshagen.

Bidrag til realisering av mål i samfunnsplanen

Alle alternativa vert vurdert til å vere eit viktig bidrag til samfunnsmåla. Alternativet på Kvåle vil styrke satsingsområdet «Best på oppvekst» ved å bidra til sterkare fagmiljø på tvers av skule- og oppvekstverksemdene. For Trudvang sin del vil nærleiken til kulturhuset gjere at skulen i større grad kan nytte seg av kulturelle tilbod der, eit anna aspekt i satsingsområdet "Best på oppvekst". For Fosshagen vert dette potensialet vurdert som noko mindre. For satsingsområdet «Skapt for aktiv livsstil» vil det også vere særlege fordelar ved å vere tett på dei andre aktivitetsanlegga som ligg i same område. For eigenorganisert aktivitet vil samlokalisering med ny basis- og fleirbrukshall også vere ein styrke for alternativet på Kvåle samanlikna med dei andre to.

For satsingsområdet «Kompetansemiljø i eliteserien» vil barneskulen tre endå sterkare inn i det samla kompetansemiljøet rundt oppvekst på Campus, og potensialet for å hente ut synergjar frå dette vert vurdert som vesentleg større for lokaliseringa på Kvåle samanlikna med Trudvang og Fosshagen. For satsinga «Fruktbare tettstadar» vert alternativet på Trudvang vurdert som sterkare enn dei andre to på grunn av nærleiken til andre funksjonar i sentrumskjerna. Alle tre alternativa ligg innanfor sentrum av tettstaden, men Kvåle lenger mot ytterkanten enn dei andre to. Nærleiken til andre tettstadfunksjonar på Kvåle veg delvis opp for dette, men Trudvang vert samla sett vurdert som eit betre alternativ knytt til dette satsingsområdet. Ingen av alternativa skil seg ut knytt til satsingsområdet «Utviklingslokomotiv i Sogn».

Samla vert plassering på Kvåle vurdert som det alternativet som bidreg mest til realisering av måla og satsingane i samfunnsplanen, med ein score på 6. Både Fosshagen og Trudvang vert vurdert til scoren 4.

3.3.7 Tomtspesifikke tilhøve [4 %]

Soltilhøve, ureining, mikroklima, naturfare, omsyn til naturmiljø, landbruk, landskap, ev. kulturminne

Trudvang har best soltilhøve og mikroklima med omsyn til alternativa, det er lite sannsynleg med høg grad av ureining og naturfare. Omsyn til naturmiljø, landbruk og landskap vert ikkje vesentleg råka av utbygging på Trudvang sidan nært sagt heile arealet er tidlegare utbygd, med unntak av arealet på Stitoppen. Det er ikkje kjent at det er potensielle utfordringar knytt til evt. kulturminne på tomte. Score for Trudvang er sett til 6.

Kvåle har nokre færre soltimar enn Trudvang. Mikroklima kan mest truleg betrast som følgje av utbyggingsprosjektet, ved strategisk plassering av bygningar og strukturar i området. Omsyn til naturmiljø vil i liten grad få påverknad av utbygging på Kvåle og det same gjeld landbruk og landskap, særleg knytt til utbygging av sjølve barneskulen, der påverknad på landbruk og landskap ikkje er til stades. Det er ikkje kjent at det er potensielle utfordringar knytt til evt. kulturminne, ureining eller naturfare på tomta. Score for Kvåle er sett til 5.

Fosshagen har noko dårlegare soltilhøve enn Trudvang og eit meir utfordrande mikroklima grunna elvetrekk, det sist kan betrast ved plassering av bygningar som skjermar. Naturfare er avgrensa, men meir til stades enn for Trudvang og Kvåle grunna nærleik til Sogndalselvi. Omsyn til mogleg stor flaum må takast ved planlegging av utbygging i området. Omsyn til naturmiljø, landbruk og landskap trekker kraftig ned for Fosshagen, utbygging på denne tomta medfører, uavhengig av i kor stor grad inngrepet kan gjennomførast varsamt, ei markant endring av tilhøva. Det er ikkje kjent at det er potensielle utfordringar knytt til evt. kulturminne eller ureining på tomta, score for Fosshagen er sett til 3.

Reguleringstilhøve

Fosshagen er i områdereguleringsplan Sogndal campus, vedteken 25.04.2019, regulert til

- BS6, BS5, BS9 – sentrumsføremål (brun farge)
- SGG/SS, SGS3 – gangveg (lyse rosa farge)
- GP – park (grøn farge)

Sentrumsformålet innebere at områda kan nyttast til bustad, forretning, detaljhandel, tenesteyting, hotell/overnatting, bevertning og kontor. Etablering av ein skule vil medføre store endringar i bruken av areala, og dei sentrale grepa i områdeplanen må vurderast på nytt. Områdereguleringsplanen har sett krav om detaljplan for kvart felt før ein kan gå i gong med byggesøknad.

I dag består området blant anna av ein eplehage. I planomtala til Områdereguleringsplan Campus er hovudmålet med å etablere parkareal på Fosshagen «å setje av eit større samanhengande grøntareal i sentrum, som kan tene som rekreasjonsområde for alle innbyggjarar. Denne funksjonen er særleg viktig å ivareta som offentleg tilgjengeleg område når sentrum skal fortettast.» Ved å lage ein skule her, vil ein miste eit mogleg rekreasjonsområde som skal tene heile Sogndal uansett alder. I staden vil ein få ein skuleplass og grøntområde som er meir retta mot barn i barneskulealder og deira foreldre. Ein vil også kome i konflikt med regulert gjennomgåande gangsti, og moglegheita for å opna for at parken kan dekke krav til felles uteopphaldsareal for nye bustader i nærleiken, slik det er lagt til rette for i områdeplanen.

Kvåle

I kommuneplanen er heile området sett av til sentrumsføremål. Landbruksområda i vest er også sett av til sentrumsføremål, som ein tomtebank for framtidige behov og ein langsiktig grense mot landbruksområda utanfor. I områdereguleringsplan Campus Sogndal er lokaliteten regulert til idrett, tenesteyting, bustad, kombinerte

føremål og samferdsle. Ei auka utnytting ut over rammene i områdeplanen kunne krevje detaljregulering.

Eigargruppa for campus peika på felta BFS6 og BKB1 som ei naturleg utviklingsretning i «Utviklingsplan for Fosshaugane campus 2.0», og felta var sett av til tenesteyting i administrasjonen sitt framlegg til områdeplan, men vart endra til samsvar med eksisterande bruk i handsaminga av planen.

Trudvang

Området er regulert i Områdereguleringsplan for SOS-Trudvang-Prestadalen og omkringliggende område, vedteke 13.02.2014. Planen opnar for utviding av skulen på bustadeigedomane Skulevegen 3 og Leighgota 4, 6, 8, som er regulert til kombinert føremål bustad/tenesteyting felt BT1 og BT2.

Innanfor felt OT, BT1 og BT2 ligg det til rette for utviding av skulen innanfor utnyttinga fastsett i områdereguleringsplanen. Byggjehøgda er sett til kote 28 moh. som er 13 meter over den flate delen av tomta på kote 15 moh. Det vil dermed vere mogleg å løyse arealbehovet innanfor 3-4 etasjar. Bruk av felt B5 til tenesteyting vil truleg kunne løysast som ein mindre endring av planen, jf. pbl. § 12 14, og er naudsynt for å kunne vere heimel for eventuell oreigning.

Ut frå planstatus er score for Trudvang sett til 6 og 4 for Fosshagen og Kvåle.

3.3.8 Tid [1%]

Kvåle er eit omfattande prosjekt, men er samstundes vurdert til å kunne verte gjennomført effektivt. Skulen kan stå klar for innflytting 2 år frå byggestart og ein prioritere barneskulen framfor å ta i vare fasilitetar som ligg inntil, dersom ein kjem i ei situasjon der delar av prosjektet treng meir tid til ferdigstilling. Score er sett til 6.

Trudvang kan ikkje gjennomførast like effektivt med omsyn til tidsbruk som Kvåle, men grunna høve for delvis gjenbruk av bygningsmasse er det vurdert at total tidsbruk ikkje vert vesentleg høgare, score er sett til 6.

Fosshagen kan gjennomførast effektivt i høve tidsbruk og skulen kan stå klar for innflytting 2 år etter byggestart, score er sett til 6.

4. Konklusjon

Plasseringa av ny barneskule vil påverke samfunnsutviklinga i Sogndal i eit 50-60 års perspektiv. Alle tre alternativa som er utgreidd ligg i det som kommunestyret har definert som sentrum i arealplanen. Uavhengig av lokalisering må ein legge til rette for at skulen m.a ikkje fører til auka bilbruk. Kommunen må prioritere gang- og sykkelveggar, og snarveggar mellom bustadområde, skular, barnehagar og fritidsaktivitetar.

Gjennomgangen viser at det er mogleg å bygge ny skule på alle dei tre alternativa. Fosshagen vert ikkje tilrådd med bakgrunn i at ei plassering her vil medføre nedbygging av grøntområde og bryt vesentleg med den overordna planlegginga for området. Trudvang vert ikkje tilrådd med bakgrunn i at tomta er knapp for å kunne gje eit uteområde med høg kvalitet, byggeperioden vil vere krevjande for drift av

dagens skule og for å ha trygg og god skuleveg. Trudvang som løysing har nokre fordelar, men er ei dyrare løysing med færre samskapingsmoglegheiter. Ikkje minst er det utfordringar ein ikkje klarer å løyse på ein god måte med Trudvang som alternativ.

Plassering av skulen på Kvåle er alternativet som vil gje høgast kvalitet på skuleområdet. Det er den rimelegaste løysinga både på investering og drift, og det legg godt til rette for sambruk med aktørane på Campus. Prosjektet vil også bidra til å løyse opprustningsbehovet på dagens Kvåle skule. Føresetnaden for dette er å etablere fellesparkering på Ingafossen som òg gjer det mogleg å ta bort trafikk frå Trolladalen, slik at ein kan sikre trygg tilkomst for syklende og gåande frå denne sida av Campus. Hente- og bringeløysing under bakken vil sikre trygt skilje mellom mjuke trafikkantar og bilane. Med ei etablering på Kvåle vil ein kunne utfordre fylkeskommunen til å etablere kombinert nattparkering og haldeplass under bakken på Ingafossen, med tilhøyrande stor miljøgevinst.

Ei plassering av skule på Kvåle vil frigjere tomtene på Trudvang til andre store samfunnsutfordringar som Sogndal kommune må møte i åra som kjem. Løysinga gir såleis høve til å sjå plassering av skule i eit større perspektiv. Området gir store moglegheiter for alternativ bruk, der det ligg godt til rette for gjenbruk av bygg. Området er eigna for for å lage enno betre og meir areal til fritidsaktivitetar og sosiale møteplassar. Området kan t.d. brukast til ny sentrumsbarnehage frå 2032. På Trudvang vil det òg vere mogleg å bygge høgt innanfor. «trehundremeterssamfunnet», som er «rullatoravstand». Samfunnsutfordringa med stor auke i innbyggjarar over 80 år fram mot 2040, vil utfordre kommunen til å finne gode løysingar og langt fleire aldersvenlege bustadar.

Samla sett svarar alternativet på Kvåle godt på mange av dei samfunnsutfordringane som kjem dei neste 50-60 åra, og frå ei samla vurdering vert alternativet vurdert som som det klart beste.